



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato
17.03.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2015/14884 461.3
Dykkar referanse

Bremnes Seashore AS
Øklandsvågen
5430 Bremnes

Rapport frå revisjon ved Bremnes Seashore AS 24. -25. februar 2016

Rapportnummer: 2016.001.R.FMHO

Kontaktpersonar ved revisjonen:

Frå verksemda:
Ragnhild Kringeland

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Sissel Storebø

Resultat frå revisjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart presentert hos Bremnes Seashore AS under oppsummeringsmøtet for revisjonen 25. februar 2016.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik og har gitt 3 merknader under revisjonen.

- Verksemda har manglar ved internkontrollen for det ytre miljø
- Verksemda følgjer ikkje alle krava i løyvet etter forureiningslova

Avvika og merknadene er nærare omtalt frå side fire og utover i rapporten.

Bremnes Seashore AS må sende ei skriftleg stadfesting innan 1. juni 2016 på at avvika er retta. Oppfølginga etter revisjonen er nærare omtalt på side fire.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Sissel Storebø
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Bømlo kommune

1. Informasjon om verksemda

Namn: Bremnes Seashore AS	Organisasjonsnr.: 836 597 702
Besøksadresse: Øklandsvågen, 5430 Bremnes	Telefon: 468 52 321
Bransjenr. (NACE-kode): 10.202 Frysing av fisk, fiskefileter, skalldyr og bløtdyr 03.212 Produksjon av yngel og settefisk i hav- og kystbasert fiskeoppdrett	E-post: ragnhild@seashore.no

Kontrollert anlegg

Namn: Bremnes Fryseri AS	Anleggsnr.: 1219.0002.01
Adresse: Øklandsveien 90, 5430 Bremnes	Anleggsaktivitet: Fiskeforedling
Kommune: Bømlo	Risikoklasse: 3
Løyvet sist oppdatert: 30.09.2014	Siste tilsyn: 19.04.2012

Namn: Settefiskanlegget på lokaliteten Skålevik	Anleggsnr.: 1219.0048.02
Adresse: Skålevik	Anleggsaktivitet: Laksefiskproduksjon på land
Kommune: Bømlo	Risikoklasse: 3
Løyvet sist oppdatert: 23.09.2013	Siste tilsyn: -

2. Omfanget av revisjonen

Rapporten er utarbeidd etter ein revisjon ved verksemda Bremnes Seashore AS i perioden 24. - 25. februar 2016. Revisjonen inngår som ein del av Fylkesmannen si planlagde revisjonsverksemd for inneverande år. Revisjonen fokuserer på at krav blir haldne og rapporten omtaler eventuelle avvik og merknader som vart funne under kontrollen.

Formålet med revisjonen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet fungerer tilfredsstillande og om verksemda har ei tilfredsstillande styring med aktivitetar og utstyr som gjeld ytre miljø. Fylkesmannen har mellom anna undersøkt om

- internkontrollen til verksemda er hensiktsmessig og dekkjande
- aktivitetar blir utført slik som omtalt og uttalt
- verksemda når måla sine og driv verksemda si innanfor eigne rammes og dei rammene som styresmaktene har sett

Revisjonen vart gjennomført ved

- å granske dokument
- å intervjuje sentralt plasserte personar i organisasjonen
- å verifisere at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis ved to anlegg, Bremnes Fryseri AS og settefiskanlegget i Skålevik

Tema:

- internkontroll, under dette avvikshandtering, skriftlege rutinar/prosedyrar og risikovurdering for ytre miljø
- utsleppskontroll
- avfall og farleg avfall
- kjemikaliehandtering og substitusjon
- vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr
- løyvet for Bremnes Fryseri AS datert 30. september 2014
- løyvet til Bremnes Seashore AS på lokaliteten Skålevik datert 23. september 2013

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart funne under revisjonen og gjev ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgjevningen.
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

3. Oppfølging etter revisjonen

Verksemda pliktar snarast å rette opp dei avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. juni 2016** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta, gjerne med billedokumentasjon.

4. Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **1. juni 2016**, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulka. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

5. Gebyr for revisjonen

Verksemda skal betale gebyr for revisjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-8 om gebyr for revisjon (fleirdagstilsyn), jf. varselbrev frå Fylkesmannen datert 20. november 2015. Gebyret skal dekkje kostnader i samband med førebuingar, gjennomføring og oppfølging av

revisjonen. Dette inneber at Bremnes Seashore AS skal betale 47 100 kroner i gebyr. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

De kan klage på storleiken på gebyret til Miljødirektoratet, jf. forvaltingslova § 28. Klagefristen er tre veker frå de har motteke denne rapporten. Klagen skal vere grunngitt skriftleg, og skal sendast via Fylkesmannen.

Vi viser til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassen.

6. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland jf. offentlegheitslova.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under revisjonen:

Avvik 1

Verksemnda har manglar ved internkontrollen for det ytre miljø

Avvik frå: Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) §§ 4 og 5, punkt 2, 4 og 7.

Kommentarar:

Internkontrollforskrifta pålegg den som er ansvarleg for verksemnda å sørje for at det vert innført og utøvd internkontroll, jf. § 4. Internkontrollen skal verne ytre miljø mot forureining og sikre ein betre handtering av avfall i den form og det omfang som er naudsynt og på bakgrunn av verksemnda si art, aktivitetar, risikotilhøve og storleik, jf. § 5.

Arbeidstakar sin kunnskap og ferdigheit - § 5, punkt 2

Verksemnda pliktar å sørje for at tilsette har god nok kunnskap og ferdigheit i det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet, under dette informasjon om endringar.

Opplæringsplanen til verksemnda, Prosedyre for opplæring datert 18. november 2015 inneheld ikkje opplæring om handtering av farleg avfall. Sentrale personar i verksemnda som handterer farleg avfall har ikkje fått nødvendig opplæring i dette.

Mål - § 5 punkt 4

Verksemnda skal fastsetje mål for helse, miljø og tryggleik.

For at internkontrollen skal kunne fungere som eit verktøy for verksemnda til å bli betre i når det gjeld ytre miljø, er det viktig å setje seg konkrete mål for arbeidet. Måla bør etterfølgjast av en handlingsplan med tiltak for å nå måla. Mål skal dokumenterast skriftleg. Når vedtekne tiltak er utførde skal leiinga vurdere om måla er nådd eller ikkje. Denne vurderinga skal syne om mål/delmål er oppnådd, eller om drifta må justerast for å oppnå dette.

Dei overordna måla er nedfelt i Overordna strategi for Bremnes Seashore AS i form av eit foredrag datert mai 2014. Slik Fylkesmannen ser det, er dei ikkje innarbeida i internkontrollen til verksemda. Måla for ytre miljø for dei einskilde anlegg er til dels lite konkrete. Det vil vere vanskelig å evaluere om miljømåla er nådd eller ikkje.

Det er ikkje utarbeidd mål for avfallsreduksjon. Miljømåla for settefiskanlegga om tilstandsklasse i resipientane er ikkje aktuelle, da det ikkje finst standard for klassifisering av miljøpåverknad frå settefiskanlegg.

Rutinar - § 5 punkt 7

Verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp å førebyggje lovbrøt fastsett i eller i samsvar av helse-, miljø- og tryggleikslovverket

Viktige arbeidsrutinar som kan påverke ytre miljø skal vere dokumentert og inngå i internkontrollen. At dette er skriftleg sikrar god kontinuitet og opplæring og at operasjonane vert utført i samsvar med verksemda sine mål. Verksemda har utarbeidd fleire skriftlege prosedyrar for ytre miljø. Skriftleg prosedyre for oppsamling av avskjer og risp frå transportbanda og golv kunne ikkje leggjast fram ved tilsynet.

Avvik 2

Verksemda følgjer ikkje alle krava i løyvet etter forureiningslova

Avvik frå: Utsleppsløyvet datert 30. september 2014, punkt 2.7 og 3.3

Kommentarar:

Verksemda er omfatta av IED-direktivet (tidlegare IPPC-direktivet) som trådte ikraft 6. januar 2011. Dette inneber at verksemda skal bruke best tilgjengeleg teknologi (BAT – Best Available Techniques). Kva som til ei kvar tid blir rekna som BAT, vil variere. Verksemda har ansvar for å halde seg oppdatert om dette gjennom referansedokumenta som EU gjev ut for dei ulike bransjane.

Utsleppsløyvet punkt 3.3 set krav om at prosessavløpsvatnet skal passere gjennom eit reinseanlegg med ein effektivitet tilsvarande silanlegg med spalteopning på 1 mm eller mindre. Vidare er det sett krav om at prosessavløpsvatnet skal reinsast med ein feittavskiljarar eller anna reinsing med tilsvarande effektivitet.

Verksemda har i dag eit silanlegg med spalteopning på 0,279 mm for handtering av avløpsvatnet. Avløpsvatnet vert etter silanlegget ført til 2 holdetankar for tilsetjing av maursyre og klor. Feittavskiljar er ikkje installert.

Det vart opplyst under tilsynet at verksemda i desse dagar har dialog med leverandør av reinseanlegget for å endre lokalisering av anlegget.

Verksemda tar ikkje ein jamleg gjennomgang av sin eigen status for å sikre at ein nyttar beste tilgjengeleg teknikkar, der desse ikkje er tilfredsstillande på avløpsreinsing.

Avvika byggjer på følgjande observasjonar:

- Intervju med dei tilsette
- Gjennomgang av verksemda sin eigen dokumentasjon

8. Merknader

Vi har gitt følgjande merknader under revisjonen:

Merknad 1

Rapportering for årleg utslepp til vatn er mangelfull.

Kommentar:

Verksemda skal kvart år rapportere årleg utslepp til vatn. I eigenkontrollrapporten for 2014 er det ikkje rapport på komponentane fosfor, nitrogen og KOF.

Merknad 2

Mangelfull vurdering om prøveuttaka er representative.

Kommentar:

Prosedyre for kontroll av prosessavløpsvatn, Kvednavikjo er utarbeidd og sist revidert 9. desember 2015. Prøvene ved Bremnes Fryseri vert teke 12 gangar i året som døgnblandprøve etter fastsett måleprogram. Prøvene vert teke utandørs på fabrikkområde.

Prøvene må vere representative. Det er i veileder for prøvetaking anbefalt at all lagring før konservering må skje kjølig ved 3 – 5 C. Verksemda må vurdere om kjøling er nødvendig.

Merknad 3:

Det var uklart om farleg avfall frå rehabiliteringa var kartlagt og handtert separat.

Kommentarar:

Ved tilsynet vart det observert ein full kontainar med usortert næringsavfall med mellom anna plast, trevirke, isopor, betong frå rehabiliteringsarbeid ved verksemda. Ved verksemda går det føre seg rehabiliteringsarbeid med innleigd firma. Bygge- og anleggsavfall kan innhalde farlig avfall og dette må kartleggjast før rehabilitering, jf. *Byggeteknisk forskrift med veiledning* (TEK 10). Farlig avfall må fjernast og handterast separat i tråd med forskrift om farleg avfall. Det var uklart om det var utført. For større prosjekt har TEK 10 også krav til avfallsplan, sortering og sluttrapport. Det er kommunen som følgjer opp TEK 10.

9. Andre tilhøve

Resipientgranskingar i Skålevik

Miljøovervaking av matfiskanlegg skal følgje Norsk Standard 9410-2016. For overvaking av utslepp frå settefiskanlegg finst det ikkje ein tilsvarende standard. Det er ikkje råd å setje tilstandsklasse for eit settefiskanlegg slik ein kan for matfiskanlegg der MOM B og MOM C granskinga kan setjast som miljømål for anlegget. Generelt skal resipientgransking i marint miljø følgje NS ISO 5667-19 og NS ISO 16665. Klassifisering av tilstand skal følgje Miljødirektoratet sin rettleiar 02:2013. Desse standardane stetter krava etter vassdirektivet.

Settefiskanlegg er ofte slik plassert at standard prosedyre for resipientgransking ikkje vil vere eigna. Det må då gjerast ei særskilt vurdering av resipienten, kva som er naturtilstand og kva påverknad settefiskanlegget kan ha på resipienten. Miljømål for lokaliteten og mål for tilstand i resipienten må gjerast særskilt for kvar lokalitet. Verksemda må vidare vurdere om resipientgranskingane som vert utført er gode nok for å få nok informasjon om tilstanden i resipienten

Resipientgranskinga i Skålevik frå 2012

Som nemnt over finst det ikkje ein eigen standard for overvaking av miljøtilstanden utafør settefiskanlegg. Granskinga utført av frå 2012 er gjort etter standard som gjeld for matfiskanlegg. Dei spesielle tilhøva i resipienten i Kassosen er i liten grad vurdert. Rapporten har sett samla miljøtilstand til II – «god», men det er ikkje gitt noko forklaring til korleis dette er gjort eller grunngjeving for val metodisk tilnærming. Klassifisering etter gjeldande rettleiar (i 2012 var det SFT 97:03) ville klassifisert resipienten som «dårleg» og gitt tilstandsklasse IV. I tråd med vassdirektivet burde rapporten difor drøfta kva som har påverknad på resipienten og drøfta trong for eventuelle tiltak.

Utsleppesløyvet for lokaliteten Skålevik

Bremnes Seashore AS fekk nytt løyve for produksjon av settefisk av matfisk av laks og aure på lokaliteten Skålevik den 23. september 2013 av Fylkesmannen. Dette løyvet gjeld forureining frå produksjon av inntil 7,5 millionar sjøklar settefisk av laks og aure, maksimal årleg produsert biomasse i anlegget på 1875 tonn og maksimal årleg forforbruk på 1875 tonn. Løyvet set krav til reinsing av alt avløpsvatnet, utsleppskontroll og resipientgransking, jf. punkt 2.1 og 4. I følgje verksemda er løyvet ikkje teke i bruk, då produksjonen ikkje har auka frå løyvet gitt 29. oktober 2002. Etter løyvet skal verksemda melde frå til Fylkesmannen om ikkje løyvet er teke i bruk innan to år, jf. forureiningslova § 20. Meldinga etter tilsynet innan 1. juni 2016 må innehalde ei tidsavgrensa produksjonsplan og ei vurdering av konsekvensane for ytre miljø ved å utsetje etterleving av vilkåra som vart sett i utsleppsløyvet 23. september 2013.

Nye utsleppsgrenser

Løyvet for Bremnes Fryseri AS datert 23. september 2013 vart revidert 20. august 2014 med nye utsleppsgrenser. Det viste seg at desse nye grenseverdiane ikkje er representativ for maksimalproduksjon på 55 000 tonn ved verksemda. Åra som datagrunnlaget var henta i frå har hatt ein produksjon på om lag 33 000 tonn i 2014 og 38 000 tonn i 2013. Sidan verksemda ikkje har vore i nærleiken av den maksimale produksjonen har vi i brev av 30. april 2015 fått tilsendt forslag til nye grenseverdier som er basert på teoretiske berekningar og ikkje faktiske målingar. Fylkesmannen vil i løpet av våren 2016 ta stilling til føreslåtte grenseverdier og endre løyvet.

Avfallsdeklarering.no

I mai 2015 opna avfallsdeklarering.no, det nye elektroniske systemet for deklarerer av farleg avfall. Nettsida er den elektroniske erstatninga for det papirbaserte deklarasjonssystemet for farleg avfall. Den 1. mai 2016 kan produsentar og mottak av farleg avfall ikkje lenger bruke papirskjemaene for deklarerer av farleg avfall. Les meir på [Miljødirektoratets nettside](http://Miljødirektoratets.nettside).

Miljøovervaking av botnpåverknad frå marine akvakulturanlegg

Verksemda sin prosedyre for resipientgranskingar frå 12. mars 2012 må oppdatertast i tråd med revidert NS 9410:2016.

10. Gjennomføring

Revisjonen omfatta følgjande:

- Formøte 9. desember 2015: Førebuande møte for å planleggje revisjonen og informasjon frå Fylkesmannen om gjennomføringa av revisjonen. Synfaring på Bremnes Fryseri AA og settefiskanlegget Skålevik
- Intervju og verifikasjonar 24. – 25. februar 2016.
 - 8 personar vart intervju
- Avsluttande møte 25. februar 2016: Oppsummering med presentasjon av resultata.

I vedlegg 1 har vi sett opp ein oversikt over deltakarane på revisjonen.

11. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for revisjonen var:

- forureiningslova med forskrifter
- produktkontrolllova med forskrifter
- korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen
- verksemda sin eigen dokumentasjon knytt til den daglege drifta og til forhold som har noko å seie for ytre miljø
- utsleppsløyva frå Fylkesmannen datert 23. september 2013 og 30. september 2014

I vedlegg 2 har vi sett opp ei liste over dokument som var spesielt viktige som dokumentunderlag for revisjonen.

VEDLEGG 1

Deltakarar ved Fylkesmannen sin revisjon ved Bremnes Seashore AS 24. -25. februar 2016.

I tabellen under har vi sett opp ein oversikt over funksjonane til dei personane som deltok under formøtet, opningsmøtet og det avsluttande møtet. Intervjua er også med i tabellen.

Namn	Funksjon	Formøte	Intervju	Sluttmøte/oppsummeringsmøte
Geir Ivar Ådnanes	fabrikksjef	X	X	
Knut Selle	teknisk sjef	X	X	
Ragnhild Kringeland	kvalitetssjef	X	X	X
Silje Alvsvåg	HMS-sjef	X		
Bjørn Kjetil Sørvik	bas oppdrett		X	
Dag Helge Hellen	driftsleiar	X	X	
Gunn Agnes Hellen	driftsoperatør		X	
Bjarne Sortland	logistikkansvarlig		X	
Geir Magne Knutsen	utviklingssjef	X	X	
Einar Eide	administrerande direktør			X

Fylkesmannen si revisjonsgruppe:

Sissel Storebø, revisjonsleiar

Eric Backer-Røed, revisor

Tom N. Pedersen, sakshandsamar

VEDLEGG 2

Dokumentunderlag for Fylkesmannen sin revisjon ved Bremnes Seashore AS 24.- 25. februar 2016.

Nedanfor har vi sett opp ei liste over dokument som var spesielt viktige som dokumentunderlag for revisjonen, og som går utover lover forskrifter og liknande (til dømes frå prosedyresamlinga til verksemda):

- Avfallsplan Bremnes Seashore AS dok01334
- Kart over utstyrsinnstallasjonar, Skålevik
- Kart over utstyrsinnstallasjonar, Kvednavikjo 2015
- Kjemikalieforbruk, Skålevik
- Kjemikalier, Kvednavikjo
- Kort historie, Skålevik
- Kva er eit avvik, pakkeri og foredeling dok03029
- Kva er eit avvik, settefisk dok01554
- Mål Strategi 2014-2016 Overordna dok03504
- Målsetting for vern av ytre miljø dok01173
- Nøkkelpersonell 2015.12.21
- Organisasjonskart avd. prosess dok00024
- Organisasjonskart avd. settefisk dok03871
- Organisasjonskart avd. teknisk dok03005
- Organisasjonskart Bremnes Seashore dok00022
- Prosedyre for avfallshandtering, Kvednavikjo dok01334
- Prosedyre for avfallshandtering, Skålevik dok01332
- Prosedyre for avviksbehandling dok00425
- Prosedyre for kontroll av prosessavløpsvatn, Kvednavikjo dok01912
- Prosedyre for mottak og lagring av kjemikalium dok00540
- Prosedyre for opplæring dok00115
- Prosedyre for resipientgranskingar dok02262
- Prosedyre for substitusjon av kjemikalium dok02736
- Risikoanalyse foredling 2015.11.13
- Risikoanalyse Logistikk 2015.11.23
- Risikoanalyse pakkeri 2015.11.09
- Risikoanalyse sannsyn- og konsekvensbeskriving dok00230
- Risikoanalyse settefisk Skålevik 2015.08.13
- Risikoanalyse Teknisk 2015.11.23
- Skålevik fredagssjekkliste 2013
- Skålevik Fredagssjekkliste 2014
- Skålevik Fredagssjekkliste 2015
- Stillingsinstruks Driftsleiar settefisk dok00030
- Stillingsinstruks Driftsoperatør settefisk dok00031
- Stillingsinstruks HMS - sjef dok00016
- Stillingsinstruks Kvalitetssjef dok00015
- Stillingsinstruks Produksjonsleiar logistikk dok03296
- Stillingsinstruks Produksjonsleiar opptak dok03293
- Stillingsinstruks Teknisk sjef dok00021
- Vedlikehold av tankar, prosessvatn, Kvednavikjo